

## Foreldremøte 17. september 2019

Myking skule kl. 18.00-19.30. Møtet starta med 3. og 4. klasse saman, deretter kvar for seg.

### Felles saker for trinna:

- Gjennomgang av aktivitetskalender. Kommande aktivitetar å merke seg: foreldresamtalar, temaveke der temaet er *Eventyr*, juleskule og symjing.
- Gjennomgang og utdeling av halvårsplan.
- Ordensreglement, gjennomgang og utdeling. Dei som ikkje var på møtet kan ta kontakt dersom dei vil ha eit eksemplar.
- Paragraf 9A i opplæringslova. Paragrafen vart gjennomgått og forklart. Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har aktivitetsplikt. Ein finn mykje informasjon og konkrete situasjonar for praksisen på nettet. Ta kontakt om det er spørsmål retta mot dette.
- Sosiale medier. Utdeling av anbefaling frå barnevakten.no. Mobil på skulen er berre lov dersom det er avtala med skulen på førehand. Mobilen skal vera av og i sekken til skuledagen er slutt – gjeld også på skulevei.
- Facebookgruppa for foreldre og lærarar. Gruppa er for dei som har born ved skulen. Me har rydda litt i denne, men ber foreldre om å gje beskjed dersom det er medlemmer som ikkje høyrer til. Legg gjerne også til foreldre til nye elevar dersom dei ikkje allereie er medlem.
- Gymklede. Me bruker ikkje gymsko eller bytekledde. Gym siste timen torsdag, så dei reiser heim rett etterpå.
- Ny elev i 4.klasse. Fostermor til Natan fortel litt. Han trivst og har komen godt til rette bland dei andre borna.

### Eigne saker for 3. klasse.

- Norsk. Stor forskjell i leseferdigheiter, me startar difor med lesekort. Elevane skal helst lese kvar dag, men må lese tre gonger i veka. Lag gode avtalar heime med borna angående om det skal lesast X sider eller X minutt. Dei vel sjølv kva dei vil lesa, teikneserie, bok, noko på nettet, osv. Me prøver å motivere dei til å fullføre f. eks ei bok eller ei teikneserie for å skape leseglede. Me er **nøye** med stor bokstav og punktum når dei skriv.
- Matte. Multi Smart Øving har ikkje blitt gjort på skulen dei siste vekene pga datatrøbbel. Dei fleste syns fortsatt at MSØ er kjekt. Prøv å gjere gode avtalar også når det gjeldt MSØ.
- Engelsk. Dei er veldig flinke og motiverte i engelsk.
- Mediebruk. Me brukar Youtube til å sjå på Blippi på skulen. Dette er eit amerikansk, pedagogisk opplæringsprogram der elevane lærer mange ord og uttrykk. Sjå gjerne litt på dette heime også, elevane liker det godt. Mobilbruk og spel blir ein del snakk om på skulen, dei får mykje med seg via andre, sjølv om dei ikkje spelar/bruker mobil sjølv. Vær observante på mediebruken til borna, snakk med kvarandre og ta kontakt dersom det er noko skulen kan bidra med.
- Elevane har skrive vennekart, alle har nemnt kvarandre på vennekartet sitt ☺ Alle leikar med alle og er inkludert i klassen. Lav terskel for å ta kontakt dersom de opplever det annleis heime.

Referent: Malene Fimland

